

Fra: Hans Kristian Dolmen
Sendt: 23. juli 2014 10:57
Til: boerre.eriksen@gmail.com
Kopi: Anny Bastesen
Emne: Reguleringsplan Skarpeneset Hyttefelt

Hei

Eg har no gjennomgått meir eller alt eg har funne vedrørande etableringa av regleringsplanen i 1987 og den seinare planendringa i 1997.

For å vere kortfatta i fyrste omgang kan det nok vere slik at den dokumentasjonen dykk har lagt fram i høve til planstatus for området ikkje var eller er komplett. Dette gjeld då særskilt den delen av planområdet som dykkar søknad om deling gjeld.

Dokumentet med opplistinga av endringar i plan som dykk har lagt fram vart mellom anna handsama i «Komite for kultur og oppvekst». Der er gnr 41 bnr 19 og 16 særskilt nemnd. I seinare handsaming av same plansak i kommunestyret (som er planmynde) er planføremålet bustad ikkje ført vidare for eigedom gnr 41 bnr 16. Dette går fram av saksutgreiinga.

Vidare må ein vere merksam på at ei tomt i plansamanheng ikkje alltid er det same som gjeldande eigedomsgrensar. Slik som for dykkar eige eigedom. Så når det i opplistinga i handsaminga i «komite for kultur og oppvekst» er nemnd at arealet for tomte er utvida, er den mest vanlege oppfatninga at det er gnr 41 bnr 16 som tomt som er utvida. Slik løysinga er gjort for gnr 41 bnr 19, utviding av tomt med seinare frådelling av tilleggsareal.

Uansett, då ønskje om planførmålet bustad ikkje vart teke med for gnr 41 bnr 16 falt det også vekk for heile det arealet som var meint som ei tomt. Kvifor heile arealet likevel vart liggjande som fritidsbustad kan ein spørja om (veit ikkje om me finn svar), men bustad er det nok ikkje.

Eg har gjort ein detaljert nedskrivning av rekkjefølgje for dokument og dei ulike vedtak. Dersom du ønskjer å sjå eller få desse kan det nok ordnast etter litt reinskiving. Eg er attende her i veke 35 og 36. Elles kjem det ny sakshandsamar i min stol frå 11.08.14.

(eg legg denne mail på sak – 14/419)

mvh
Hans Kristian Dolmen
Arealplanleggjar
Meland kommune
56 17 10 00